



Statens Vegvesen Region Vest. Inspeksjonsrapport nr. 2010.068.I.FMHO

Verksemd:	Statens Vegvesen Region Vest	Arkivkode:	2009/8182 – 461.3
Adresse:	Askedalen 4 6863 Leikanger	Anleggsnr:	1234.0009.01
Organisasjonsnr:	974 744 414	Bransjenr.(NACE –kodar):	84.130
Utsleppsløyve av:	13.11.2009	Dato for kontrollen:	14.09.2010
Tilstade frå verksemda:	Lars Magnar Røneid Jostein Fjøsne Tore Tveito, Veidekke Leif Lievik, Veidekke	Frå Fylkesmannen:	Ingrid Torsnes John Olav Hisdal Hallvard Hageberg

Rapporten inneheld :

Denne rapporten gjer greie for avvik og merknader som vart avdekka på desse kontrollerte områda:

- Utsleppsløyve av 13.11.2009
- Internkontroll
- Handtering av avfall og farleg avfall

Hovudkonklusjon :

Under inspeksjonen vart det påvist følgjande avvik:

1. Verksemda karakteriserer ikkje avfall frå sedimenteringsbasseng
2. Det er manglar ved internkontrollen

Det vart gjort følgjande merknader:

1. Hending med utslepp den 9. september vart ikkje oppdaga av verksemda sjølv

Utarbeids dato : 27.09.2010

Sign.: 

Sakshandsamar

Godkjent dato: 27.09.2010

Sign.: 

seksjonsleiar

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter ein inspeksjon ved nytt tunnelanlegg forbi Skjervet i Granvin herad den 14. september 2010. Tilsyn er ein del av Fylkesmannen sitt arbeid med å handheve gjeldande krav for å verna miljøet. Inspeksjonen skal syna om krava er etterkomne, og rapporten gjer greie for avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. **Rapporten gjev såleis ingen fullstendig vurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.**

Definisjonar på eit avvik og ein merknad er slik:

AVVIK vert definert som brot på vilkår gjeve i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter.

MERKNAD vert brukt om det som ikkje er avvik, men som Fylkesmannen meiner det er rett å peike på for å forbetre og ivareta miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og vert lagt ut på vår nettstad <http://www.fylkesmannen.no/hordaland>.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for inspeksjonen var:

- *Lov av 13.03.81 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) § 7 første ledd/andre ledd.*
- Utsleppsløyve av 13. november 2009
- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)*
- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta)*

3. Omfang

Følgjande område vart dekkja under inspeksjonen:

Utsleppsløyve av 13.11.2009

Internkontroll

Handtering av avfall og farleg avfall

Fylkesmannen har ikkje vurdert andre sider ved verksemda

4. Avvik

Følgjande avvik vart avdekka under inspeksjonen:

Avvik 1:

Avfall frå sedimenteringsbasseng vert ikkje karakterisert

Avvik frå:

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) § 9-11, jf. Vedlegg II til avfallsforskrifta.

Kommentarar:

I følge § 9-11 i avfallsforskrifta skal avfall som vert teke mot på deponi ha naudsynt dokumentasjon for at avfallet tilfredsstiller krava til avfallskvalitet som går fram av løyvet til deponiet. Slik dokumentasjon kunne ikkje leggjast fram under tilsynet, og det vart opplyst at det ikkje var teke prøvar av slammet.

Vi har heller ikkje kunna finna at det er gjeve løyve til deponering av avfall på den aktuelle staden.

Avvik 2:

Det er manglar ved internkontrollen

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta).

Kommentarar:

Det låg føre skriftlege rutiner for drift og tilsyn med renseanlegg for tunnelvatn baserte på praksis utvikla under tidlegare anlegg. Renseanlegget vart visuelt kontrollert ein gong pr. veke, og nivået for slam vart peila og behovet for tøming vart vurdert ut frå dette. Det vart her opplyst at når det første bassenget var halvvegs fullt skulle anlegget tømast for slam. Vi saknar her ei vurdering av dimensjonane på renseanlegget saman med vassmengdene inn på anlegget som grunnlag for å kunna fastsetja kva for eit slamnivå som er optimalt for renseeffekten ved anlegget. Sedimenteringsegenskapane kan også variera frå anlegg til anlegg, og det kan derfor vera føremålstenleg å gjera sedimenteringsforsøk med aktuelt borevatn før rutinene vert fastlagde i detalj.

Kravet i § 5 andre ledd nr. 7 i internkontrollforskrifta er at slike rutiner skal liggja føre skriftleg.

Verksemda hadde eit system for melding og handsaming av avvik, men det var ikkje gjeve kriterie for avvik.

5. Merknader

Følgjande tilhøve vart avdekka under inspeksjonen:

Merknad 1:

Verksemda hadde ikkje sjølve oppdaga at der var observert noko som såg ut til å vera eit utslepp av slam i Storelvi.

Kommentarar:

Dette utsleppet vart meldt av eit medlem av Granvin Fiskarlag den 10. september, og foto av utsleppet skal ha vore tekne den 9. september.

Vi er kjende med at verksemda har prøvt å finna ut kva som kan ha skjedd utan at årsakene er klarlagde enno.

Vi meiner at det kunne ha vore føremålstenleg å innført rutiner der ein sjekka utsleppspunktet i Storelvi ein eller fleire gonger for dagen, gjerne også med fotodokumentasjon, og at det samstundes vart laga ein plan for kva for tiltak som kunne setjast i verk dersom noko unormalt vart oppdaga.

6. Andre tilhøve

Anleggsarbeida med ny tunnel forbi Skjervet er strengt regulerte, og tilsynet viste at miljøverknadene er godt ivaretekne, samstundes som vassdraget vert grundig undersøkt både før, under og etter anleggsperioden.

Vi vart under tilsynet gjort merksame på at det rett ved anleggsområdet står minst to store gjødseltankar tett ved vassdrag. Desse tankane er ikkje sikra mot nedbør, og dei representerer såleis ein stor og permanent risiko for vasskvaliteten i Storelvi/Kattaråni. Desse tankane er truleg godkjende av Granvin herad, og det vil også vera dei som eventuelt kan stilla strengare vilkår til drift eller utforming.